



--

Arkiv saknr:	2013/2566
Løpenr.:	8234/2016
Arkivkode:	46/4

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Lotte Næss

Detaljregulering for Myrbø, 46/4 - klage

Vedlegg:

- 1 Kommunestyrevedtak 19.11.15, sak 15/22
- 2 Plankart
- 3 Føresegner
- 4 Ingunn Einungbrekke og Randi Ofstad, klage datert 31.01.16

Dokument i saka:

Kst – sak 15/22

Bakgrunn:

Detaljregulering for Myrbø vart vedteken i kommunestyret 19.11.15, sak 15/22. Sjå vedlegg 1, 2 og 3.

Vedtaket innebar at det vart lagt til rette for ei ny hyttetomt, dvs at på 46/37 kan det byggast fritidsbustad som på dei andre tomtene. Føresegnene vart reviderte, slik at

- ein i utgangspunktet berre kan bygge hytte med låg standard på tomte 46/37, og
- dersom nye eller gamle hytter skal høgne standarden, må det gjerast ei fagleg vurdering på om V/A-anlegget må rustast opp.

Kommunestyrevedtaket vart kunngjort med informasjon om klagefrist. Det har kome ei klage, frå Ingunn Einungbrekke og Randi Ofstad. Dei har hytte rett nordaust for 46/37, og skriv :

«Det står i dag en låg standard bu på eiendommen som skjemmer omgivelsene. Denne må i tilfelle fjernes om det skal legges til rette for hyttebygging med låg standard. Videre er skjøtet i dag heftet med at det ikke skal kobles opp med verken vann eller avløp. Den eventuelle kostnaden med faglig vurdering og opprusting, påpekes å måtte dekkes av tomte eier av tomt 46/37. Det samme vil da også gjelde oppgradering av strømforsyning som i dag har låg standard den også.»

Vurdering:

Uthuset som blei oppført er ikkje i strid med den reguleringsplanen som gjaldt på tidspunktet det vart søkt. Dei vedtekte føresegnene opnar for hytte på 100 m2 BYA pluss uthus/anneks på 20 m2 BYA.

Etter plan- og bygningslova kan ein ikkje styre kven som skal gjennomføre tiltak, inkludert dekke kostnader til tiltaka.

Rådmannen vil ikkje rå til å ta omsyn til klaga. Saka går då vidare til fylkesmannen, som tek endeleg stilling til klaga.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Klaga frå Ingunn Einungbrekke og Randi Ofstad vert ikkje teken omsyn til.
--

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/